

Jordbruksøkonomien på Vestlandet i 2022 – utvikling og driftsresultat

Hovudtendens

- Moderat inntektsauke for husdyrproduksjonane på Vestlandet i 2022
- Dei minste bruka auka inntekta mest blant mjølkeprodusentane
- Nedgang for frukt- og bærprodusentane
- Framleis stor investeringsvilje i jordbruket på Vestlandet

Vestlandsbonden oppnådde ei jordbruksinntekt, målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk, på kr 395 400 i 2022. Det er ein auke på kr 17 400 frå året før. I gjennomsnitt for landet auka jordbruksinntekta med kr 89 800 kr og vart på kr 492 900 per årsverk. Jordbruksarealet for vestlandsbruka var i middel 317 dekar, ein auke på 2 dekar frå 2021.

Auken i jordbruksinntekta for Vestlandet skuldast i hovudsak auka prisar og auka produksjon kombinert med moderat kostnadsutvikling. Ekstra tilskot til areal og dyr for kostnadskompensasjon var også eit viktig bidrag. Auke i rentekostnader på 27 prosent og auke i timebruk på 2 prosent svekka resultatet.

Det var auke i jordbruksinntekta for dei største bruka, medan det var nedgang for dei små. Årsaka er relatert til produksjonane i dei ulike gruppene. I dei minste gruppene er det frukt og bær som dominerer, i dei mellomste gruppene er det sau, storfekjøtt og dei små og mellomstore mjølkebruka. I den største gruppa er det mest store mjølkebruk.

Mjølkeproduksjon er viktig for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa. Vederlag per årsverk (jordbruksinntekta) auka med 10,5 prosent eller kr 41 200 per årsverk. Grovfôrårealet på mjølkebruka var uendra på 403 dekar, medan grovfôravlinga hadde ein nedgang på 3 prosent. Tal årskyr var om lag uendra, medan mjølkekvote og liter omsett mjølk gjekk ned med høvesvis 5 og 2 prosent. Ein auke i mjølkeprisen på 42 øre/liter var viktig årsak til auke i mjølkeinntektene saman med auka volum. Kjøttprisen auka med kr 7,17 per kg for kukjøtt og kr 4,94 for anna storfekjøtt.

Det var en auke i variable kostnader på 11 prosent i hovudsak høgare kostnader til kraftfôr og gjødsel grunna prisauke. Faste kostnader auka også med 11 prosent frå 2021. Kostnader til drivstoff auka mest, men det var stor auke også på kostnader til leasing og maskinleige. Straumkostnaden var om lag uendra grunna straumstøtte. Driftsoverskotet i jordbruket auka med 13 prosent.

Det har vore investert mykje på mjølkebruka dei siste åra. Nettoinvesteringa i 2022 var kr 154 000 per bruk, og var noko lågare enn året før. Gjeldsauken var på nesten 11 prosent, og rentekostnaden auka med 32 prosent. Generell auke i rentenivå påverka rentekostnaden saman med auka gjeld.

Produksjonsomfanget på mjølkeproduksjonsbruka var på 30,2 årskyr, om lag det same som i 2021. Bruka omsette i gjennomsnitt 221 000 liter mjølk og 7,6 tonn kg storfekjøtt (inkl. kukjøtt). Gjennomsnittleg jordbruksareal var 405 dekar, om lag det same som i 2021. Arbeidsinnsatsen var 2,1 årsverk à 1 845 timar. Arbeidsinnsatsen i 2022 auka med 0,8 prosent frå året før.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald oppnådde i 2022 ei jordbruksinntekt per årsverk som var kr 502 100, ein auke på 8 prosent frå 2021. Arealet auka med 6 daa, medan grovfôravlinga gjekk ned med 1 prosent. Årskutalet gjekk ned frå 21,4 til 20,9 medan talet på vinterfôra sauer gjekk ned med 2. Omsett mjølk var 152 500

**Utfyllande informasjon til pressemelding 13.12.2023:
Jordbruket på Vestlandet i 2022**

liter ein nedgang på 7 prosent. Mjølkeprisen auka med 57 øre per liter eller 10 prosent. Prisaue medførte auka mjølkeinntekt med 2 prosent. Det var også ein stor auke i kjøtprisen både for storfekjøt og sau. Sauekjøtprisen auka med kr 10 per kg til kr 30, medan prisen på lammekjøt og storfekjøt auka med 15 og 11 prosent. Husdyrinntekter auka til saman med kr 117 000 eller 8 prosent.

Det var auke i variable kostnader på 16 prosent eller kr 120 000. Kostnader til kraftfôr auka mest, men det var også stor auke i kostnader til kjøp av gjødsel og konserveringsmiddel. Faste kostnader auka med 11 prosent eller kr 68 000. Mesteparten av det skuldast auka kostnader til drivstoff og maskinleige.

Gjennomsnittleg jordbruksareal var 421 dekar. Bruka hadde 20,9 årskyr og 99 vinterfôra sauer. Arbeidsinnsatsen gjekk opp med 205 timar og var på 2.1 årsverk à 1845 timar per bruk.

Jordbruksinntekta for **sauebruka** gjekk opp med kr 11 200 per årsverk til kr 189 200. Tal vinterfôra sauer gjekk ned med 2,4, medan omsett kjøt gjekk ned med 1 prosent. I gjennomsnitt gjekk prisen på lammekjøt opp med kr 6 per kg og prisen på sauekjøt auka med kr 9. Prisen på sauekjøt auka slik med 29 prosent frå året før. Husdyrinntektene auka med 9 prosent, medan samla tilskot auka med 13,5 prosent. Totalt gjekk produksjonsinntektene opp 12 prosent. Variable kostnader auka med 13 prosent, medan faste auka med 16 prosent. Arbeidsforbruket gjekk ned med 3 prosent og utgjorde 1,3 årsverk. Gjelda var om lag uendra på 2,2 mill.kr i snitt per bruk, medan renteutgiftene auka med 32 prosent.

I 2022 omfatta driftsforma 28 bruk med i gjennomsnitt 140 vinterfôra sauer og 255 dekar jordbruksareal. Pris- og tilskotsauke bidrog til auke i jordbruksinntekta for sauebruka på kr 11 700 per årsverk trass i høg kostnadsauke.

Produksjon av storfekjøt, enten med ammekyr eller på innkjøpte kalvar, oppnådde ei jordbruksinntekt per årsverk på kr 254 400 i 2022, ein auke på kr 24 400 per årsverk. Det har vore store endringar i jordbruksinntekta frå år til år for desse bruka. Det er få bruk i gruppa, og nye bruk eller endringar på enkeltbruk, kan gje store utslag for gruppa.

Det vart produsert 9 600 kg storfekjøt på desse bruka i 2022, 1 300 kg mindre enn i 2021. Prisen på anna storfekjøt (ikkje kukjøt) auka med om lag kr 6 per kg, og totalt gjekk inntektene frå husdyrhaldet ned med 3 prosent. Tilskota auka med 13,7 prosent, og totalt auka produksjonsinntektene med 4,4 prosent. Faste kostnader auka med 12 prosent medan variable kostnader auka med 8 prosent samanlikna med 2021. Arbeidsforbruket auka med 59 timar til 1,3 årsverk, noko som trekte resultatet noko ned. Det var nettoinvestering på kr 82 000 per bruk. Gjelda auka med 21 prosent og renteutgiftene auka med 26 prosent samanlikna med 2021. Auke i tilskot var viktig årsak for auke i jordbruksinntekta for denne gruppa.

Det var 18 bruk i gruppa i 2022. I gjennomsnitt hadde dei 362 dekar jordbruksareal, 22 ammekyr og 9 kviger.

Frukt- og bærproduksjon er den driftsforma som har hatt størst variasjon i jordbruksinntekta mellom år. For frukt- og bærprodusentane vart 2022 eit middels godt år, men langt svakare enn toppåret 2021. Jordbruksinntekta gjekk ned med 25 prosent frå 2021 til 2022, og vart kr 413 600 per årsverk. Avlingane på eple var moderate medan det var svært lite plommer i 2022. Prisane på frukt til produsent var betre for dei fleste kulturane med unntak av moreller. For bringebær og jordbær var det høgare avling enn i 2021. Frukt- og bærinntektene gjekk ned med 26 prosent. Dei variable kostnadene auka med 12 prosent medan dei faste gjekk ned med 7 prosent. Arbeidsforbruket gjekk ned med 5 prosent. Arbeidsinnsatsen var på 1,9 årsverk per bruk. Det er 20 produsentar i denne gruppa, og i gjennomsnitt hadde dei eit frukt- og bærareal på 49 dekar.

Nettoinvesteringane på vestlandsbruka låg i 2022 lågare enn landsgjennomsnittet. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene for kr 102 700, ned frå 177 700 i 2021. Landsgjennomsnittet låg på kr 227 300. Samla gjeld auka med 10,3 prosent for

**Utfyllande informasjon til pressemelding 13.12.2023:
Jordbruket på Vestlandet i 2022**

vestlandsbonden, og var på 3,8 mill. kr i middel per bruk. Rentekostnadene auka med 27 prosent.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket på Vestlandet utgjorde 43 prosent av dei samla inntektene til familien i 2022, som er eitt prosentpoeng lågare enn i 2021. Løsinntekt utgjorde 37 prosent. Skogbruk og tilleggsnæring med utgangspunkt i ressursane på bruket utgjorde høvesvis 1 prosent og 8 prosent. Resten av dei samla inntektene er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter.

Maksimalt jordbruksfrådrag var kr 195 000 i 2022. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta i 2022 kr 429 600 i gjennomsnitt per årsverk for bruka frå Vestlandet. I alt utgjer inntektsverknaden av jordbruksfrådraget kr 34 200 per årsverk, ein auke på 1 200. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla som er presenterte frå driftsgranskingane.

Jordbruksinntekt er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarande den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

Driftsgranskingane i jordbruket var for 2022 basert på eit tilfeldig og representativt utval av 908 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 188 bruk frå Vestlandet; 129 i Vestland fylke og 59 i Møre og Romsdal. Alle dei presenterte resultatata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreiding i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 188 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.

For fleire opplysningar, kontakt NIBIO Bergen ved:

Seniorrådgjevar Torbjørn Haukås, Telefon: 476 58552, E-post: torbjorn.haukas@nibio.no

eller rådgjevar Håvard Rønningen Graarud, Telefon: 412 84067

E-post: haavard.graarud@nibio.no

E-post: bergen@nibio.no

Internett: www.nibio.no

**Utfyllende informasjon til pressemelding 13.12.2023:
Jordbruket på Vestlandet i 2022**

Samla oversikt for 2022

	Tal Gj. areal bruk dekar		Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk	
	2022		2021	2022	2021	2022	2021	2022
Vestlandet, alle	188	317	597 800	625 200	378 000	395 400	411 000	429 600
Bruk < 50 dekar	11	33	541 000	355 000	459 000	352 600	497 000	396 000
« 50 - 100 dekar	14	71	834 000	525 500	536 700	407 900	564 800	437 100
« 100-200 dekar	34	163	365 800	385 500	293 900	325 700	332 700	364 900
« 200-300 dekar	46	242	412 300	444 700	294 000	314 200	327 600	348 700
« 300-500 dekar	52	374	585 100	706 500	352 300	409 400	386 200	444 600
> 500 daa	31	712	1 099 400	1 160 700	450 800	493 000	480 000	523 000
Mjølkproduksjon	75	405	714 800	808 300	384 000	425 200	418 000	459 400
Mjølk/sauehald	16	421	840 000	941 800	464 000	502 100	494 000	532 600
Kjøttproduksjon, storfe	18	362	249 000	294 300	230 000	254 400	261 000	291 200
Sauehald	28	255	208 000	222 600	178 000	189 200	210 000	223 200
Frukt og bær	20	54	840 000	516 700	552 600	413 600	585 700	448 600
Vestland fylke	129	281	575 500	597 000	369 900	385 300	401 700	419 400
Møre og Romsdal fylke	59	395	647 300	687 100	392 900	414 300	426 800	448 800
Mjølk Vestland	39	361	658 600	776 400	358 000	404 700	392 600	439 700
Mjølk Møre og Romsdal	36	454	769 500	842 900	408 800	444 500	441 300	477 700

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og til rente på egenkapitalen

Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar for Vestlandet og landet i perioden 2013-2023

